

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.04.2021

### Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

Fylkesutvalet godkjenner gjennomføring av pilot for aldersvennleg transport i Bergen. Piloten vil tilby tilrettelagt transport for ei målgruppe som har vanskar med å nytte det ordinære kollektivtilbodet. Piloten skal samtidig teste ut eit transporttilbod i kombinasjon med ny teknologi. Eit viktig mål i piloten blir å finna ut korleis denne teknologien best kan leggast til rette for eldre.

Sidan piloten og skal legga til rette for andre grupper som har utfordringar med å komma seg rundt i kvardagen, vil fylkesutvalet at det vert arbeidd med eit namn på tilbodet som ikkje viser berre til ei aldersgruppe.